

Innspel til Kulturmiljølovutvalet frå Møre og Romsdal fylkeskommune

På bakgrunn av den erfaringa Møre og Romsdal fylkeskommune har med lova, som regional samfunnsutviklar og regional kulturmiljømynde, har vi fleire punkt som vi ønsker at lovutvalet spesielt skal sjå nærare på:

- *Eigarane/brukarane sine vilkår*

Eigarane/brukarane tek eit stort ansvar på vege av fellesskapet, og det må vere eit rimeleg forhold mellom ansvar og rettar. Tilskota er i dag innretta slik at dei som forsømmer vedlikehaldet får tilskot og dei som held ved like jamt ikkje får noko. Vi ber utvalet sjå på rammevilkåra, ulike verkemiddel og kva som vil fungere best for å få til god bevaring. Her er reglar for prosess og at ikkje handsamlinga tar for lang tid viktig, slik det for eksempel kan gjere med erklæring av automatisk freda bygg frå før 1649 og midlertidig freding av kulturminne frå etter 1537.

- *Overordna forvaltningsprinsipp*

Kulturminnelova har eit sektorovergripande prinsipp fastslått i formålsparagrafens tredje ledd, men kva dette inneber i praksis er ikkje så tydeleg. Dette er eit viktig prinsipp. Vi ønsker at utvalet ser på om lova kan ha generelle prinsipp for forvaltning av kulturmiljø som kan vere retningsgivande for offentlege avgjerder, for eksempel etter modell frå naturmangfaldsloven § 8-12.

- *Generelt forbud mot vesentlig synlig påvirkning på kulturmiljø*

Tiltak inntil viktige kulturmiljø kan utilbørleg skjemme kulturmiljøa og dominere opplevinga av dei. Vi ber utvalet sjå nærmare på om lova bør ha ei alminneleg føresegn som kan regulere slike tiltak og ikkje berre for arkeologiske kulturminne (§ 3). Kanskje bør det også bli ein del av eit sektorovergripande ansvar, for eksempel at kommunane skal vektlegge føresegna ved søknad om tiltak eller i planarbeid.

- *Generell heimel til å stoppe tiltak som er i strid med lova*

Kulturminnelova har ikkje heimel til å stoppe tiltak som er i strid med lova. Det gjeld både for automatisk freda kulturminne og for kulturminne frå etter 1537 som er freda. Det betyr at ein tiltakshavar kan fjerne eller øydelegge eit kulturminne som er freda etter lova utan at forvaltninga har mynde til å stoppe det. Naturmangfaldslova § 69 har ein slik heimel. Vi ønsker at utvalet vurderer om lova bør ha ein heimel til å stoppe tiltak som er i strid med lova.

- *Handheving og sanksjonar*

Kulturminnelova har ikkje gode heimlar for sanksjonar som sikrar at lova vert følgt, for eksempel etter ein dispensasjon eller eit vedtak om retting. Eksemplar på slike sanksjonar kan vere tvangsmulkt og gebyr som vi finn i naturmangfaldsloven §§ 73 og 74. Vi ønsker at utvalet vurderer om lova bør ha administrative sanksjonsheimlar som sikrar at lova vert følgt.

- *Samordning og koordinering med andre lovar, særleg plan- og bygningslova*

Vi ønsker at utvalet ser på betre samordning med andre særlover og særleg plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova er svært viktig for at kommunen skal få til eit godt lokalt kulturminnevern og ein god samanheng i forvaltninga av kulturmiljøet vårt.

Eit konkret eksempel er arealplanlegging og manglande krav om dispensasjon for freda kulturminne frå nyare tid før planen vert vedtatt. Den same utfordringa har vi ved dispensasjonshandsaming frå plan- og bygningslova.

Eit anna eksempel gjeld verneverdige kulturmiljø frå nyare tid. Lova har ikkje heimel til å avslå eller hindre riving med mindre kulturminne kan ha kulturhistorisk eller arkitektonisk

verdi av nasjonal interesse eller det er konkret nedfelt for gjeldene bygning i ein arealplan. Det betyr at dei fleste bygg kan rivast.

- *Overordna innspel til fredingsinstituttet*

Vi ønsker at utvalet ser på moglegheitene for færre og meir dynamiske vern og fredingstypar som samtidig tek vare på ulike restriksjonsnivå og bidreg til heilskap i kulturmiljøpolitikken. Kulturminnelova har etter kvart fått mange typar freding for ulike formål kor råderettsinnskrenkingane i eigedomsretten er meint å ramme ulikt.

Rettsbiletet er komplisert både for tiltakshavarar og forvaltninga. I eit område kan eit kulturminne ha fleire forskjellige fredingsstatusar i tillegg til vern i plan. Det er også ei fare for at ulike fredingar av enkeltminne og andre fredingstypar som områdefreding og kulturmiljøfredingar forvaltast med same restriksjonsnivå.

Vi ønsker også ut valet ser på om heimlane omfattar den kulturhistoria vi ønsker å ta vare på. Eit eksempel er teknisk industrielle kulturminne, for eksempel ein komplett snikkarverkstad med handverktøy. Kulturminnelova har i dag berre heimel til å frede større laust inventar som ein del av kulturminne (§ 15). Da kan bygningen fredast, men ikkje handverktøyet som er ei viktig årsak til fredinga. Et anna spørsmål er om ikkje freda kulturminne frå nyare tid bør kunne få ei sikringssone rundt seg for å beskytte mot brann og anna fare. Dette finst for kulturminna frå før 1537. (§ 6)

Konkrete innspel til automatisk freda kulturminne eldre enn 1537

- *Automatisk freding og vern*

§§ 3 og 4 i lova definerer kva som er automatisk freda kulturminne og heimlar forbodet mot ulike former for inngrep i automatisk freda kulturminne. Dette er ein sentral og viktig del av vernet av dei eldste kulturminne våre, og sikrar eigenverdien til kulturminne med høg alder spesielt godt. Opninga for dispensasjon gjennom § 8 sørger for at slike kulturminne kan frigjevast etter vurdering av kulturminnemynde.

Fylkeskommunedirektøren meiner disse prinsippa bør vidareførast i ny lov.

Vi rår utvalet til å bevare den automatiske fredinga av kulturminne av eldre kulturminne. Det bør vurderast om grensa for alle automatisk freda kulturminne skal justerast til 1650. Da vil kulturminnekategoriar som ikkje har vern i dag, i større grad kunne fangast opp. Freding og vern av kulturminnekategoriar som fell utanfor den automatiske fredinga, bør gjerast enklare for rett kulturminnemynde dersom kulturminnet har ein regional eller nasjonal verdi.

- *Utvida registreringar og mindre arkeologiske utgravingar på registreringstidspunktet*

I dag har fylkeskommunen moglegheit til å gjere utvida registreringar gjennom dialog med landsdelsmusea (Universitetsmuseet i Bergen og NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim). Likevel er omfanget og grensene for kva fylkeskommunen kan gjere noko uklart.

Vi rår utvalet til å vurdere om fylkeskommunen bør kunne gjere utvida arkeologiske registreringar eller mindre arkeologiske utgravingar ved strakstiltak, slik at kostnadane og tidsbruk vert reduserte. Dette vil også vere relevant i forbindelse med § 8 andre ledd, der det vert gjort funn under arbeid.

Eit døme på korleis dette kan løysast vil vere at ein skil mellom å gi vernestatus og dispensasjon:

- Kulturminne av lokal verdi (dyrkingslag, eldstadar, spreidde kokegroper etc.) – massedata primært med eigenverdi for lokalsoge og lokal busettingshistorie – vert ikkje freda – bør ikkje undersøkast utover registrering/datering

- Kulturminne av regional verdi (avgrensa til kulturminne av vanleg førekommande art) – data med eigenverdi for lokal-regional historie – vert freda, men kan dispenserast – kan undersøkast av fylkeskommunen ved utviding av undersøkinga, dersom det er i tydeleg konflikt med tiltaket
- Kulturminne av nasjonal verdi (verdifulle kulturminne – data med høg eigenverdi for nasjonal-regional historie og vidare forskning– vert freda, men kan dispenserast – skal primært vernast, men kan undersøkast av musea ved at samfunnsnytta til tiltaket vert vurdert som stor/større enn kulturminne.

- *Jordbruk i områder med arkeologiske kulturminne*

Svært mange av dei arkeologiske spora etter busetting ligg i eksisterande landbruksområde, og mellom anna utsett for pløying. Vi ser at djup pløying og jordbruk på automatisk freda kulturminne kan vere utfordrande. Spesielt ved endring av driftsformer.

Vi rår utvalet om å sjå på §3 andre ledd, og vurdere korleis ny drift av jorda bør fangast opp og regulerast slik at endra bruk i større grad vert fanga opp.

- *Sikringszone og kulturmiljø*

I § 6 er intensjonen i lova om sikringssoner god, men høve til fastsetting av eigen sikringszone er lite brukt i praksis.

Vi rår utvalet om å vurdere å spesifisere tydelegare dei vertikale og horisontale omsynssonene, for eksempel ved tildekking og graving i øvre matjordslag.

- *Undersøkingsplikta*

Etter § 9 pliktar ansvarleg forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne.

Det er viktig at alle tiltak som potensielt sett kan skade automatisk freda kulturminne vert fanga opp her. Spesielt bør koplinga mot § 8.1 styrkast. Fleire tiltak bør også nemnast i lova som eksempel, eventuelt bør ein vurdere om ein skal generalisere med å seie alle tiltak.

- *Kostnadsdekning § 10*

Ordninga der staten dekkjer kostnadane ved mindre private tiltak og særlege grunnar bør utgreiast betre. Ordninga eller praksisen slik den er i dag oppfordrar i realiteten til dispensasjon frå kulturminnelova og unødvendig høge kostnadar til arkeologiske granskingar.

- *Immaterielle kulturminne*

I mange tilfelle er det immaterielle ein føresetnad for å bevare fysiske kulturminne og omvendt. § 4 f viser til immaterielle kulturminne. Desse kan også i relasjon til landskap, stadar eller andre fysiske kulturminne vere automatisk freda.

Dette er ein viktig kulturminnekategori, men ofte er disse vanskelege å avgrense. Vi ber utvalet om å vurdere korleis slike lokalitetar skal definerast og avgrensast gjennom vern. Ei vasskjelde som har tilknytning til heilage Olav kan avgrensast fysisk, men korleis avgrense ein slagstad eller ein landskapsformasjon med tilhøyrande segn, som tek i vare det automatisk freda vernet?

Konkrete innspel til nyare tids kulturminne yngre enn 1537

- *Verneverdige byggverk eldre enn 1850 – manglande avslagsheimel*

§ 25 i kulturminnelova gir heimel til ei meldeplikt der kommunen sender søknad om riving og vesentleg endring av ikkje freda byggverk oppført før 1850. Meldeplikt har som

mål å redusere ukontrollert tap av byggverk frå før 1850. Vi ønsker at utvalet ser på om § 25 har fungert etter formålet og eventuelle tiltak for å betre situasjonen.

- *Krav om dokumentasjon*

Vidare ønsker vi at utvalet ser nærare på om det kan innførast eit krav om dokumentasjon i slike saker. I søknadar om riving av verneverdige bygningar bør det ligge føre fagleg tilfredsstillande dokumentasjon på tilstanden på bygningen. Dette vil gje eigaren og forvaltninga eit betre grunnlag for vurdering av rivinga. Det bør også kunne stillast krav i eit vedtak om riving av verneverdige kulturminne at det skal dokumenterast.

- *Verdsarvområde*

Kulturminnelova har ikkje heimlar som gjeld verdsarv. Sjølv om verdsarvstatusen vert tatt omsyn til og forstått som viktig, er dei manglande verkemidla ein risiko for verdsarven dersom områda kjem under press frå andre viktige samfunnsinteresser. I dag kviler vernet og forvaltninga på kommunane som skal sørge vern av område etter plan- og bygningslova.

Utvalet bør vurdere om og korleis verdsarvstadane kan bli ein del av lova. Kan den delen av verdsarvlista som er relevant inkluderast? Verdsarvområda er ulike og har ulikt formål, noko som det må tas omsyn til.

Skipsfunn og fartøyvern

- *Skipsfunn*

Etter §14 har staten eigendomsretten til skip og tilhøyrande funn.

Vi rår utvalet vurdere om grensa for automatisk freding av skipsfunn framleis er formålstenleg, eller om den i større grad bør settast til eit fast årstal. Også her bør det vurderast om vedtaksfreding av viktige funn som er yngre bør kunne gjerast enklare enn dagens praksis. Forholdet mellom lause gjenstandar og skipsfunn bør avklarast betre.

- *Fartøyvern og freding av båtar*

Blant folk flest har omgrepet fartøy ei breiare betydning enn i dagens lov, kor det i praksis betyr båtar og skip. Det vil vere ein styrke om man tyr til meir tradisjonelle omgrep, og utvalet bør vurdere å enten gå bort frå fartøyomgrepet, eller ta med ei tydeleggjering av kva som omfattast av det.

Ei rekke verneverdige båtar har vern i form av privatrettslege avtaler med Riksantikvaren. Avtalane følgjer eigarane og ikkje fartøya, noko som er uheldig. Vi ønsker av utvalet går bort frå eit avtalebasert vern. Andre rullande og bevegelege kulturminne, som tog, fly og køyretøy, har i dag ikkje nokon form for vern. Saman med båtar og skip, er dei ein viktig del av vår samferdslehistorie, som bør bevarast og forteljast heilskapleg. Vi ønsker at utvalet vurderer om lova skal utforme ein heimel for tilsvarande vern for disse.